# N O R S K  S K O L E

Januar 1945.

## Vår strid.

No ved årsskiftet har vi på skulefronten grunn til både å sjå attende og til å ta mål av stoda som vi ser henne framfor oss.

For 3 år sidan stod striden om Lærarsambandet, og lærarane vann. Det var den striden som skapte skulefronten, så han sidan har gått gjennom kvar bygd og by, over kvar einaste skule landet rundt. For 2 år sidan slost vi på ei ny mark, då barna skulle trugast og lokkast inn i ungdomsorganisasjonane til N.S. Den gongen kom foreldra med, skule og heim stod saman i ein seig, velskipa motstand, og mot denne våpenlause vernemakta braut fienden saman i stormlaupet sitt.

Vi vågar ikkje seia at nasistane har vorti klokare av nederlaga. Men dei har vorti varsamare. Åtaka i det siste året har vori like kraftlause som mislykka. Quislinglova om å konfiskere lærebøker, drukna i protestar, freis nadene med nasibøker i skulen er stogga, og kjøkkenrettskrivinga av 1941, so no har vorti innførd 3 år på rad - vi veit sant å seia ikkje kor det har vor ti av henne. - Samstundes er boikotten av postar etter avsette og arresterte lærarar halden oppe, N.S. - skulane sjuknar bort. Og dei som skal styre med skulane utover landet, held seg meir og meir til det dei greier best setja av lærarar og få dei fengsla, visa vekk elevar og heile klasser, leggje ned skular.

Etter kvart som striden på skulefronten nærmast har stivna av til stillingskrig, har dei store Heimefront-sakene i stendig større mon vekt gaum hos oss. I året som gjekk, vart freistnaden på å mobilisere norsk ungdom til vidare bruk i krigen og registrere norsk arbeidskraft til hjelp for fien den slått ned. Vårt offer til det har m.a. vori at undervisningen i mange av dei viktigaste skulane i landet har vorti øydelagd, - så med Universitetet, høgskulane, lærarskulane, ungdomsskulane og ei mengd fagskular. For Noreg vil krigskostnadene snautt verte så alvorlege og verke så langt på noko anna område som nett her. Men det viktigaste er vunni: at rekkjene er halde samla og ungdomen ikkje utlevert til eit misbruk som hadde ført til mykje verre ulykker for landet.

Om året 1945 veit vi at det etter alt å døme kjem til å setja oss på hardare prøver enn dei vi har opplevt til dessa. Utviklinga i den seinare tida tyder på det. Krigsføringa har kvest seg til, den indre motstanden - m.a. ved militært organiserte sabbotørtroppar - har vorti djervare. Eksplosjonsulykkene i Oslo og Bergen p.g.a. den ansynslause vyrdløysa hos tyskarane, bombeåtaka mot militære mål av våre allierte, deporteringa av alle Finnmarksfolk syner at vi når som helst kan koma opp i uventa katastrofehendingar. Styret for Heimefronten har gong på gong med alvorleg ettertrykk streka under at varslet om total folkestreik i ei gjeven kritisk stode er å ta bokstaveleg.

Det gjeld om å førebu og herde ungane medan vi har tid. Det kan ikkje nytte å sjå for langt fram, krigen er ikkje vunnen enno, han er tvert imot i veldig stiging. Både mentalt og reint praktisk må vi førebu oss på å ta imot og tola harde slag i det året som kjem. Det er vår fyrste oppgåve idag.

Måten å løyse henne på er at vi set oss sjølve og flest mogleg andre i aktivt arbeid, og organiserer dette arbeidet. For i organisering ligg den kraftigaste hjelpa til aktivisering. Flest mogeleg inn i planlagt illegalt arbeid! Det er dei tallause, utrøyttande tenester som tel mest idag: spreie parolar, springe med meldingar, hjelpe med gode råder og praktiske dåd. Kravet til kvar einskild av oss er til siste slutt reint moralsk: Gjer du noko? Gjer du nok? Dei store stunder i vår historie opplevde vi når kvar mann kjende den plikta i seg som Carsten Anker gav uttrykk for i dessa orda: "Fedrelandet har alt å krevja av meg, og eg er det alt skyldig."

Folk bur spreitt her i landet, og det fell ujamt med kår og interesser. Dei rådene som fanst før til å samle nasjonen og gje allsidig orientering,

har nasistane rivi til seg. Dei rår åleine over presse og radio, dei har monopol på å halde møte og drive lagsarbeid, dei har hird og løynleg politi ute og driv sensur og terror. Likevel vil folk ikkje ha noko med quislingane å gjera. Men her er fare for at sjølve samfunnstanken skal veikna i denne skorten på frisk luft og fritt samarbeid. Slik vil nazistane gjerne ha det og, for dei veit at usemje på Heimefronten gjev sigeren åt dei. Vi merkar att serleg illviljen mellom land og by får rikeleg næring no i okkupasjonstida. Det er alvorleg fare på ferde om slikt får breie seg; det kan verte til ulykke for landet no i krigstida og i lange tider seinare.

Denne tendensen til oppløysing må lærarane arbeide imot av all sin hug og dug. Her har vi den andre store oppgåva vår idag. Fyrst og fremst må vi til alle tider og til alle sider banke inn i folk kva parolane har å seia, og kva <u>samfunnsdisiplinen</u> krev idag, - anten det gjeld svartehandelen, støleik mot nasistane, hjelp til landsmenn i naud og fare, eller dei harde taka som kan koma: folkestreiken, frigjeringskrigen med våpen i hand.

Skulefronten er van med å lita på sine folk, og gjer det idag tryggare enn nokon gong før. Vi veit at lærarane utetter bygdene har dei vandaste kår å arbeide under. Dei bur ofte einbølt, og får meldingane seint, dei står i ei serskild utsett stode og har få å samrå seg med. Gjennom "Norsk Skole" vil skulefronten gje all den hjelp han kan, og prøve å nå ut til dei 6000 skulekrinsane og dei 9000 kollegaene utover bygdene.

Vi helsar kvarandre vel møtt til ny hard strid for eit fritt, folkestyrt Norge. Anten striden vert lang eller stutt, skal vi halde han ut. Ver sterk og gjer andre sterke!

<u>Kalnes landbruksskole</u>, Østfold, ble blokkert i høst fordi den hadde gått med på å begunstige frontkjempere ved opptaking av nye elever, - det vil si: godkjent at politiske kvalifikasjoner skal gå foran de faglige. Som gode nordmenn fulgte alle elevene parolen og forlot skolen. Skolestyreren, NS-Kullerud, angav da ordføreren for elevene og fikk ham arrestert. Den unge mannen sitter framleis på Bredtvedt.

Nå rykket NS-fylkesmannen i marka. Han og formannen i overstyret, NS-Kase ga først ut en falsk parole. Derpå skrev de et herlig brev til hver enkelt elev, hvor de i en flom av skjellsord får sagt at om ikke elevene er tilbake på skolen innen en kort frist, skal det gå dem ille, - de skal ikke få begynne ved noen annen skole i heile landet. Fylkesmannen gjentar heile registeret av skjellsord og trusler i pressa også, og til landbruksrådene sender han ei liste over alle de gjenstridige guttene på Kalnes: de må ikke få komme inn noen steder.

Så skjer det sørgelige at lærerne på Kalnes svikter sine egne elever. I brev av 27. des. rår de foreldrene til å sende elevene tilbake til skolen over nyttår, for fylkesmannen har nådigst "lempet på restriksjonene" så guttene kan få begynne igjen. Sånn mener Kalnes-lærerne at man fører kampen i dag: nazistene tramper på lov og reglement, arresterer elevenes tillitsmann, skjeller og truer. Og så <u>gir</u> lærerne seg, mens foreldrene og elevene <u>holder ut</u>! Av samtlige elever ved skolen, over 100, meldte bare 14 svake sjeler seg tilbake etter nyttår. De fikk prompte beskjed fra skolen om at de bare kunne holde seg heime, det ble ingen skolegang på Kalnes med det første.

Men til våre lærerkolleger på skolen har vi lyst til å si: dere er redde når en NS-styrer i lærerråd truer med visse "øyeblikkelige konsekvenser" for dere sjøl om ikke skolen kommer i gang. Men er dere ikke redde for å bryte den nasjonale fronten idag og handle stikk imot gitt parole? Det <u>hender</u> stundom i denne tida at lærere får ta lærdom av sine elever!

<u>To lærere i Lier</u> har søkt de nasistiske skolemyndigheter om lønnstillegg for 1943. Selvsagt søker ingen god lærer de nåværende "myndigheter om noe slags lønnstillegg.

Vi minner om at <u>NS-rettskrivningen fra 1941</u> ikke skal taes i bruk.

<u>Norsk Skole</u>. Det har vært nevnt at stoffet i forrige nr. til dels var velkjent for enkelte lesere, særlig i Stor-Oslo. Vi viser til slutten av spisseartikkelen i dag. Her er tusenvis av lærere i landet som ikke ser annen illegal avis enn Norsk Skole. For dem er kanskje ikke stoffet så velkjent! - Bladet vil heretter komme noe oftere enn i forrige halvår. Neste nr. vil bl.a. inneholde en aktuell artikkel av en utenbys kollega, foruten meldinger og rapporter